

Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 19/296-4

## **Dispensasjon etter yrkestransportlova § 21 - løyvefritak for småskala turistverksemd**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
 Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Krava i rundskriv N-7/2017 må leggjast til grunn for å ivareta likebehandling på best mogleg måte ved handsaming av søknader om løyvefritak for småskala turistverksemd.
2. Løyvefritak til FjordSafari Norway AS (tidl. Flåm Guideservice AS) og Skaldegard AS vert forlenga til 4. juli 2021, med krav i samsvar med tidlegare vedtak. Etter denne dato må det søkjast løyvefritak på nytt.

### **Vedlegg:**

- Brev frå Samferdsledepartementet 28. november 2017: Rundskriv N-7/2017 – Nye retningslinjer for midlertidig fritak frå kravet om løyve for transport med personbil – Småskala reiseliv
- Rundskriv N-7/2017 – dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for småskala turistvirksomhet
- Brev frå Samferdsledepartementet 13. juli 2018: Løyvefritak for småskala turistvirksomhet – Klargjøring av visse spørsmål
- Søknad om løyvefritak for 3 år – FjordSafari Norway AS (tidlegare Flåm Guideservice AS).

### **Andre relevante dokument i saka:**

- FU-sak 28/2018 Skaldegard – Søknad om løyvefritak for transport med personbil
- FU-sak 38/2018 Skaldegard – Klage på vedtak
- FU-sak 75/2018 Skriv og meldingar til fylkesutvalet 20. juni 2018
- FU-sak 78/2018 Skaldegard – ny handsaming
- FU-sak 79/2018 Søknad om løyvefritak for småskala turistverksemd Flåm Guideservice AS
- FU-sak 7/2019 Skriv og meldingar til Fylkesutvalet 23. januar 2019, punkt 16
- Brev frå Samferdsledepartementet 18. juli 2018; Klagesak – Søknad om løyvefritak for transport med personbil – Småskala turistverksemd.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Saka gjeld handtering av dispensasjonsmoglegheit gjeve i Rundskriv N-7/2017 vedk. vurdering av løyvefritak for småskala turistverksemd.

Våren/sommaren 2018 fekk fylkeskommunen to søknadar om løyvefritak for småskala turistverksemd. Ved den politiske handsaminga vart det etterlyst klarare reglar for vurdering av skjøn, samt ev. retningslinjer.

I saka gir vi ei vurdering av utøving av skjønn etter å ha vore i kontakt med Samferdsledepartementet og Troms fylkeskommune. Dette for å finne ei god løysing på utøving av den skjønsmessige delen for handsaming av søknad om løyvefritak for småskala turistverksemd.

## **2. Bakgrunn for saka**

20. november 2017 ga Samferdsledepartementet ut rundskriv N-7/2017 som gjeld dispensasjon etter yrkestransportlova § 21, løyvefritak for småskala turistverksemd. Med heimel i denne lova, §15, har departementet delegert adgang til å gje midlertidig fritak frå kravet om løyve til fylkeskommunane. Jf. også yrkestransportlova § 21 og yrkestransportforskrifta § 23.

Dette rundskrivet gir fylkeskommunane høve til å gje løyvefritak til verksemdar som driv med småskala turistverksemd og som arrangerer ein fritidsaktivitet som t.d. guiding, sightseeing mv., der det også er nødvendig å tilby persontransport som ein tilknytt del av arrangementet.

Våren/sommaren 2018 fekk fylkeskommunen to søknadar om løyvefritak for småskala turistverksemd. Søknadane vart lagt fram for fylkesutvalet for vedtak.

### Tidlegare vedtak i høve Skaldegard AS og Flåm Guideservice AS:

Fylkesutvalet (FU) vedtok 4. april 2018, sak 28/2018, at det ikkje skulle gjevast løyvefritak for Skaldegard AS. Vidare vedtok FU at det skulle lagast ei prinsipp sak om løyvefritaksordninga der konsekvensane for drosjenæringa vert greidde ut. Ei slik sak skulle fremjast før nye søknader vart lagt fram.

Skaldegard AS klaga på vedtaket. FU vedtok 2. mai, sak 38/2018, å ikkje ta klagen til følgje. Klagen gjekk difor vidare til Samferdsledepartementet for handsaming der.

Det vart vidare lagt fram brev frå Flåm Guideservice i FU 20. juni 2018, sak 75/2018, punkt 3. Søknaden deira om løyvefritak hadde då stått på vent, jf. FU sitt ovannemnde vedtak. Flåm Guideservice omtalte ein krevjande driftssituasjon grunna manglande løyvefritak. Dei held fram at drosjetransport ikkje er eigna for deira behov.

FU bad fylkesrådmannen behandle søknader som ligg på vent, samt gje ei ny vurdering av søknaden frå Skaldegard AS. Administrasjonen hadde fått signal frå Samferdsledepartementet om at det kunne gå ei viss tid før klagesaka vart avgjort. Vurderinga var at det ikkje var hensiktsmessig å utarbeide noko prinsipp sak før klagesaka var avgjort i departementet.

I FU 04.07.2018 vart det gjort følgjande vedtak for Skaldegard AS, sak 78/2018:

1. *Skaldegard AS får mellombels løyvefritak for persontransport fram til 30. april 2019. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 1.april 2019, jf. FU sitt vedtak i sak 29/18.*
2. *Det mellombelse løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskaps-logo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.*
3. *Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.*
4. *Generelle krav iht. gjeldande regelverk må verte stetta. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.*
5. *Dersom Skaldegard AS ikkje får medhald i klagen sin, vil dei kunne nytte det mellombelse løyvet fram til 1. april 2019, dvs. fram til fylkeskommunen har gjort vedtak om sin prinsipielle politikk på området.*

FU gjorde vidare slikt vedtak for Flåm Guideservice AS, sak 79/2018:

1. Flåm Guideservice AS får mellombels løyvefritak for persontransport gjeldande til 30.04.19. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 01.04.19, jf. FU sitt vedtak i sak 28/18.
2. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for 2 motorvogner som skal vere uniformerte med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.
3. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser i Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Aurland i regi av Flåm Guideservice AS.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må vere stetta før nemnde løyvefritak vert gjeve. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.»

Hausten 2018 vart forslag om «Endringar i yrkestransportlova (oppheving av behovsprøvingen for drosje mv.)» sendt på høyring med svarfrist i desember 2018. Etter denne høyringa oppstod det usikkerheit om adgangen til løyvefritak ville bli vidareført frå 1.7.2020.

I Prop. 70 L (2018 – 2019), tilråding frå Samferdsledepartementet 10.april 2019, pkt. 5.3.4 *Departementets vurdering*, som er transportkomiteen sin innstilling til vedtak om endringar i yrkestransportlova (oppheving av behovsprøvinga for drosje mv.), er det gjeve føringar for at dei dispensasjonsmoglegheitene som er i dag skal vidareførast.

FU har ønska ei prinsippsak knytt til løyvefritak for småskala turistverksemdar og ei «inn på tunet»-ordning. I møte i FU 23. januar 2019 vart eit notat om prinsippsak for løyvefritak lagt fram (sak 7/2019 «Skriv og meldingar», pkt 16). FU gjorde då slikt vedtak:

*«I påvente av avklaring frå sentrale myndigheiter forlenger fylkesutvalet løyvefritaka til 01.10.19. Det vert ikkje gjeve nye løyvefritak.»*

#### Nye søknader

Den 16.09.2019 fekk fylkeskommunen søknad frå EL-tour AS om løyvefritak for småskala turistverksemd.

Den 20.09.2019 fekk fylkeskommunen søknad frå Flåm Guideservice AS om forlenging av løyvefritak gjeldande til 1.10.2019

### **3. Undersøking av praksis knytt til vurdering av skjønn**

Det er i Rundskriv N-7/2017 som omhandlar dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for småskala turistvirksomheit, gjeve følgjande føringar for utøving av skjønn:

*«Det skal vidare foretas et individuelt skjønn ut fra en vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan utføres ved bruk av eksisterende løyvehavere for transportdelen. Dette innebærer at løyvemyndigheten må vurdere konkurranseflaten mot både drosje og turvogn. Søknader må derfor forelegges NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå før en eventuell innvilgelse gis.*

Løyvefritaket gjelder kun for transport av egne kunder til og fra aktiviteter som innehaver av løyvefritaket selv er arrangør av. Transporten må skje i tilknytning til selve arrangementet, ved at transporten kun er en underordnet tilleggsytelse som utføres av virksomheten fram til bestemmelsesstedet. Rene transportoppdrag utført av virksomheten eller noen andre virksomheten har avtale med, er ikke tillatt.»

#### Søk etter informasjon

Vi har kontakta Samferdsledepartementet for å etterlyse meir informasjon og retningslinjer for utøving av fylkeskommunen sitt skjønn i samband med vurdering av løyvefritak. I ein nyleg samtale (telefon) vart det bekrefta at departementet ikkje kjem til å lage ytterlegare retningslinjer eller presiseringar knytt til Rundskriv N-7/2017.

Vidare vart det frå Samferdsledepartementet presisert følgjande pr. e-post:

*«Etter rundskriv N-7/2017 kan fylkeskommunene innvilge løyvefritak til virksomheter som driver turistvirksomhet i småskala og som arrangerer en fritidsaktivitet som for eksempel guiding, sightseeing og andre opplevelsesarrangementer der det også er nødvendig å tilby persontransport som en tilknyttet del av arrangementet.*

*Løyvefritaket gjelder kun for transport av egne kunder til og fra aktiviteter som inneholder av løyvefritaket selv er arrangør av.*

*Fylkeskommunen skal foreta et individuelt skjønn hvor de også vurderer virkningene for drosje- og turvognnæringen. Det kan gis løyvefritak for inntil fem motorvogner registrert for inntil ni personer inkludert fører. Fritak gis for tre år av gangen.»*

Samferdsledepartementet viste vidare til at Troms fylkeskommune har handsama flest søknadar om løyvefritak i tråd med Rundskriv N-7/2017. Troms har etablert rutine for handsaming av løyvefritak i samband med småskala turistverksemd.

Vi kontakta då Troms fylkeskommune og fekk informasjon om måten dei utøver skjønn i tråd med Rundskriv N-7/2017. I Troms er det i følge sakshandsamar fleire reiselivsbedrifter som har fått løyvefritak i samband med guida turar for å sjå nordlys. Totalt har dei behandla ca. 50 søknadar.

I Troms er skjønnsutøvinga i stor grad basert på at det må vere turistverksemd i småskala som arrangerer ein fritidsaktivitet som t.d. guiding, sightseeing eller andre opplevingsarrangement.

Vidare må det vere nødvendig å tilby persontransport som ein tilknytta del av arrangementet. Det vert gjort ei skjønsmessig vurdering mot eksisterande næring. Dette betyr at løyvemynde vurderer konkurranseflata mot drosje og turvogn. For dei som har fått løyvefritak startar ofte guidinga når kunden er på plass i transporten. Det er ikkje reine transportoppdrag, men ein guida transport.

Søknader vert sende på høyring til NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå før ev. løyvefritak kan gjevast.

Erfaringane er at dei som er tilknytt drosjenæringa i stor grad er negative til aktørar som kan betraktast som konkurrentar til lokal drosjenæring, medan NHO næringsliv stort sett er positive til tiltak som fremmar reiselivsnæringa.

#### **4. Vurdering av skjønn**

Det er etterlyst rutinar for utøving av skjønn, samt prinsipp for løyvefritak. Krava som er gjeve i Rundskriv N-7/2017 til løyvefritak er ganske omfattande. Den største utfordringa er likevel den skjønsmessige delen.

##### Utøving av skjønn i samband med uttale frå bransjeorganisasjonar.

Vi skal utøve eit individuelt skjønn ut frå ein vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan utførast ved bruk av eksisterande løyvehavar for transportdelen. Dette betyr at løyvemynde må vurdere konkurranseflata mot både drosje og turvogn.

Søknad blir sendt på høyring/uttale til NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå.

Erfaringane frå andre syner at tilbakemeldingane er om lag like kvar gang. Dei som er knytt til drosjenæringa er i stor grad negative til aktørar som kan oppfattast som konkurrentar til lokal drosjenæring, medan NHO Reiseliv stort sett er positive til tiltak som fremmar reiselivsnæringa.

Intensjonen med høyringa for å få uttale frå bransjen er god. Bransjen støttar som regel sine medlemmar og det er nærmast gitt på førehand kva tilbakemeldingane blir.

##### Utøving av skjønn sett i samband med føretaket si verksemd og transportmåte.

Ei anna vurdering er konkurransegrunnlaget sett i forhold til transportmåten og eksisterande drosje. I Rundskriv N-7/2017 er det gjeve klare retningslinjer;

*«Rene transportoppdrag utført av virksomheten eller noen andre virksomheten har avtale med, er ikke tillatt. Transporten må skje i tilknytning til selve arrangementet, ved at transporten kun er en underordnet tilleggsytelse som utføres av virksomheten fram til bestemmelsesstedet.»*

På grunnlag av dette vert det vurdert som vanskeleg å gje klare rutinar for utøving av skjønn. Fylkesrådmannen finn det ikkje tenleg å utarbeide eiga prinsippsak knytt til denne ordninga no. Det må i så fall gjerast i Vestland fylkeskommune. Eg meiner at dei søknadene som er komne til må handsamast, og at føringane i rundskriv N-7/2017 må leggjast til grunn for å ivareta likebehandling på best mogleg måte.

## **5. Konklusjon**

På grunnlag av denne undersøkinga vert det vurdert som vanskeleg å gje klare rutinar for utøving av skjønn. Fylkesrådmannen vil vektleggje krava som er gjevne i Rundskriv N-7/2017 for å ivareta likebehandling på best mogleg måte.

Den 20.9.2019 fekk fylkeskommunen søknad frå Flåm Guideservice AS om forlenging av løyvefritak gjeldande til 1.10.2019. Løyvefritaka som er gjevne til Skaldegard AS og Flåm Guideservice AS er gyldige til 1.10.2019. Fylkesrådmannen tilrår å forlenge løyvefritaka fram til 4.7.2021. Dei har då fått løyvefritak for totalt 3 år, i tråd med Rundskriv N-7/2017.

Den 16.9.2019 mottok fylkeskommunen ny søknad frå EL-tour AS om løyvefritak for småskala turistverksemd. Denne søknaden blir handsama etter at denne saka er avgjort.